

Land	Unike besøkende
Norge	763
USA	15
Storbritannia	7
Danmark	4
Thailand	4

Uskedalingane er eit reisande folkeferd

**I juli i år vil uskedalen.no i den noverende drakta ha eksisterti 5 år. Det vil seia 1800 dagar og med få unntak har det vore dagleg produksjon i nettavisa, sa redaktør Ola Matti Mathisen i ein rapport under årsmøtet i Uskedalen Utvikling.**

Hvis ein reknar med ein snittproduksjon på 3 om dagen blir summen 5 400 saker. Fjorårstalet var 516 060 besøk eller noko over 1400 pr. dag. Stort sett har besøkstallet lege på 1300-1400 i den seinare tid. Det er nettavisleinga godt fornøgd med.

Mathisen held fram:

-Kven er det så som er inne og kikkar på uskedalen.no? Nokon lesarundersøking er ikkje gjennomført, men lesarskaren når ikkje berre utover Uskedalen, men også langt utover Kvinnherad sjølv om prinsippet om stoff med ein eller annen link til Uskedalen er absolutt. Det kan illustrerast med ein tilfeldig valgt dag, til dømes sist fredag. Då var det lesarar inne også frå USA, Storbritannia, Spania, Sverige, Danmark, Thailand, Polen og Sveits. Det fortel framfor alt at også uskedalingane og folk med tilknytning til og interesse for Uskedalen er eit reisande folkeferd.

Redaktøren streka under kor viktig det er å vera stoffmessig nær lesarane og å vera så aktuelle som mogeleg. Det er nyheitstrykket som avgjer suksessen til ei superlokal nettavis. Mangelen på verkelege nyheiter er det som pregar altfor mange nettaviser. Og hvis nyheitene i tillegg til å vera aktuelle har eit visst dramatisk innhald, går besøket i veret - gjerne over 2.000. Den rasdagen Uskedalen opplevde tidlegare i vinter er eit typisk døme på det.

Mathisen takka alle gode hjelparar, ikkje minst dei som bidrar med stoff og hjelper til på datasida. Han takka og alle dei gode tipsarane. Det er dei som i stor grad held hjula i gang og fortener ein pris. Men det ligg i sakas natur at dei forblir anonyme.

Tipsene gjer oss ofte i stand til å slå også dei store med hensyn til tida, sjølv om Bergens Tidende ofte er utruleg snare når noko alvorleg har skjedd også på våre kantar. Men når dei ringer hjelper uskedalen.no også dei, utifrå prinsippet om å bringa så mykje Uskedalen-stoff som mogeleg ut i verda og då framfor alt positivt stoff frå Uskedalen.